

Utbyggingar innan skule og helse

Litt dokumentasjon til fyrste møtet i styringsgruppa no måndag 9. januar kl 0830 i **kommunestyresalen.**

Kommunestyret gav i sak 132/16 styringsgruppa slikt mandat :

Vedtak

Kommunestyret set ned ei politisk og administrativ styringsgruppe.

Kommunestyret vel følgjande politiske representantar: ordførar, leiar i hovudutval for Livsløp og leiar i hovudutval for plan og ressurs. Varaordførar er felles vara og observatør.

Rådmann utpeiker dei administrative medlemmane.

Mandat til styringsgruppa:

-Styringsgruppa skal gjennomgå grunnlaget for skulestrukturvedtaket jf sak K-44/15,

-vurdere om mulighetsstudien frå Asplan Viak er realistisk.

- plassbehov?
- bruk av dyrkamark?
- parkeringsareal?
- bygge alt i eitt eller dele opp prosjektet?

-analysere behov innan Helse og omsorg basert på gjeldande temaplan frå 2011 og etter dagens behov

- utbygging av helsesenteret?
- lokalisering av ulike tjenester?
- omsorgsboligar?
- eldrebo?

-Styringsgruppa må vurdere totaløkonomien i prosjektet.

- laga modell over korleis store låneopptak verkar inn på driftsbudsjettet
- korleis og kor mykje Hemsedal kan sjølvfinansiere av utbygginga sett i lys av andre kommunale investeringar i Hemsedal

Styringsgruppa skal ha ansvar for at strategiske avgjerder vert lagt fram for livsløp/kommunestyret i samsvar med framlagt framdriftsplan/prosjektplan i sak 132/16.

- Styringsgruppa er fristilt mht til plassering med utgangspunkt i strukturvedtaket i sak 44/15.

Styringsgruppa skal melde frå til kommunestyret minst 2 ganger i fyrste halvår 2017

1

Vedtaket i sak 44/15 lyder slik :

1. Hemsedal kommune vedtek å arbeide vidare med modell 3, sentralskule for 1.-10. klasse ved HBU.

2. Prinsippvedtaket skal vera styrande for kommunens arbeid med kommuneplanens samfunnsdel, områdeplan for Trøim øst og kommunens budsjett og økonomiplaner.
3. Kommunestyret ber rådmann starte prosjektarbeidet umiddelbart. Kommunestyret øyremærker inntil kr. 250.000,- til arbeidet. Finansiering vert tatt frå formannskapetets disposisjonskonto 14900.1000.1805



Analyse av

Vedtaket i sak 44/15 byggjer på alternative løysingar i
Saksa derifrå er konklusjonen frå eigedom slik:

7. Vurderingar eigedom:

Dess meir ein sentraliserer og bygger alt nytt, til meir driftseffektivt og lønsamt vil det vera. Dette vil gje rom for langt kortare avstand mellom bygga, og mogelegheit for lågare driftskostnadar med tanke på energi, reinhald osv.

Med utgangspunkt i grunnlagstala i dei 6 modellane med 14 m² pr skulebarn på nybygg og 9,5 m² pr barnehagebarn, er det eit samla arealbehov på nær 10.000 m² bygg og 30.000 m² til uteområde i 2040. Samla 40.000 m². Dersom ein bygger alt nytt på ein ny stad, vert det ein samla investeringskostnad på 300 millionar. Verdien av å nyttiggjera seg eksisterande bygningsmasse er difor ca 100 millionar. I tillegg kjem kostnadar med grunnkjøp truleg på ca 10 millionar. Ein må ikkje gløyme utfordringar dette vil gje i høve til nærleiken som dagens bygningsmasse har til andre sentrale tenester, til dømes bibliotek.

Forutan skulebygget på Tuv og det eldste barnehagebygget på Ulsåk, er skule og barnehagebygga av nyare dato og har god bygningsmessig tilstand. Svært mykje kapital er lagt ned dei siste 10 åra på alle 3 stadane. Anna kommunal aktivitet i bygningane er lite truleg. Mest aktuelt er det med sal. Kor lett det vil vera, og kor høge inntekter ein kan få er uvisst, men truleg langt mindre enn dei investeringsmidlane som er lagt ned dei seinare åra. Eigedomsmessig vil det vera mest lønsamt å velja ei løysing som tek vare på mest mogeleg av den gode bygningsmassen kommunen har i dag, og som er fleksibel i høve barnetalauken. Det bør tenkjast på arealpotensiale for vidare vekst etter 2040.

Det er eit omfattande mandat Styringsgruppa har fått. På mange måtar er det å gå gjennom og vurdere heile sakskomplekset for skule- og barnehagestruktur på nytt, og også gjera ei brei analyse av behov innan Helse og omsorg. Arealbruken i Trøym øst må vurderast opp mot «mulighetsstudeien frå Asplan Viak», og me skal også vurdere totaløkonomien i prosjektet. Det er mange tankar me må ha i hovudet samstundes, men eg trur det blir viktig å ta dette steg for steg, og legge fram for kommunestyret for prioritering etter kvart.

«Styringsgruppa skal gjennomgå grunnlaget for skulestrukturvedtaket jf K- sak 44/15» er fyrste bestilling i mandatet. Er det forutsetningar som er endra sidan analysa for skule- og barnehagestruktur vart utarbeidd? På kort sikt kan det vera det. Folketalsveksten fram mot

2040 er det ingen grunn til å endre på , og heller ikkje eit barnetal på 40 året og 400 i skulen totalt.

Det som er verdt å merke seg er at me no har hatt 5 år på rad med lågt fødselstal. Det er fødd berre litt over 20 ungar kvart år sidan 2011. Dei 5 årskulla som er i barnehage frå komande år er i sum berra ca 110. Me har derfor god kapasitet i barnehagen nokre år framover sjølv om fødselstalet skulle vekse til gamle høgder att. Dette gjer at det ser ikkje ut til at me treng nye avdelingar dei næraste åra.

I skulen er barnetalet stort enno – på det nivået som ligg inne i nemnde analyse. Det vil avta år for år framover etter kvart som dei mindre barnekulla kjem inn i skulen. Kapasiteten innan skule vil derfor betre seg framover. Utbyggingar og tiltak som var lagt inn i 2016 kan skuvast nokre år utover i tid. Tilflytting kan endre på dette. Folketalsutviklinga framover blir spennande. Me skal bygge skule og barnehagar for eit folketal og barnetal som er 50% større enn i dag. Inntektsveksten for kommunen er også kopl opp mot auke i folketalet framover. .

Lågare elevtal i skulen vil gjera noko med klassesdelinga. På HBU der alle elevane på kvart årstrinn er samla vil ein løyse dette på ein god måte , men på Tuv og Ulsåk vil det bli klassar på + - 12 elevar på kvart årssteg. ,Økonomisk vil me kanskje merke reduserte rammeinntekter, då talet på « godt betalte» innbyggjarar mellom 0 – 16 år gradvis vert lågare. Om ein må vurdere å slå saman klassane på Ulsåk og Tuv til ein av skulane er litt på sida av vårt mandat , men absolutt noko som må vurderast i økonomiplanarbeidet.

«- Styringsgruppa er fristilt mht til plassering med utgangspunkt i strukturvedtaket i sak 44/15» , heiter det i mandatet. Kommunestyret har bede styringsgruppa vurdere anna plassering enn utviding lagt til HBU. Det er kome eit konkret innspel frå Jegeir Trøim om plassering av ny skule ved idrettsbanen. Det er også fleire politikkarar som har kome med same synspunkta. Ei vurdering av om dette let seg gjera , er vel noko av det fyrste me må avklare over for kommunestyret. Her er element som tomt , tilkomst, jordvern og økonomi viktige. Er det meint å flytte heile skulen , eller er det berre småskulen det er prat om. Syner til vurdering frå eigedom tidlegare i notat , der det blir slått fast at eksisterande bygg har ein verdi på 100 mill kroner. Arealfordelen vil vera at presset på dyrka mark blir mindre , og at «kampen» om dei same areala mellom skule og helse blir mindre. Me arbeider utifrå framskrivingar til 2040 , men det er viktig å tenkje utvikling vidare framover.

For Helse og omsorg er også framtidige utfordringar store. Økonomiplan for 2017 -2020 synleggjer



Handlingsplan 2017 -
2020 - 18.10.2016.pd
dei.

Her er det og fleire prioriteringar som må gjerast.

Helsesenteret treng større plass. Psykisk helse har sin kontor i kommunehuset, og pleie og omsorg held til på Bygdaheimen , som også har omsorgsbustader tett inntil. « Mulighetsstudien frå Asplan

Viak» har tatt inn ei samlokalisering opp til Bygdaheimen ,og eldrebu + omsorgsbustader på det som heiter LA8 i eksisterande reguleringsplan for Trøym sentrum (jordet mellom kyrkja og elva)

Av det fyrste me må avklare er utbygging av Helsesenteret og om me skal vurdere LA8 brukt til bustader. Det er same grunneigar på LA 8 og jorda nærast skulen som er tenkt nytta til skuleutviding i vedtak K-sak 44/15 . Det er og viktig med tanke på avklaring i samband med reguleringsprosessen for Trøym øst.

Så sakslista for møtet no blir:

Gjennomgang av mandatet

Vurdering av grunnlaget for vedtaket i skule- og barnehagestruktursaka.

Fristilling av plassering for ny skule i høve K-sak 44/15

Utviding Helsesenteret/ lokalisering

Framtidig areal for omsorgsbustader – LA8 ?

Møteplan for Styringsgruppa og meldingar til kommunestyret.

Oddvar